

NYE PRAKSISKONSULENTAR

Vi har omsider fått utvida PK-ordninga i Helse Førde, slik at vi no er 3 allmennlegar som har bistilling som praksiskonsulentar.

Dei 3 er:

Normund Svoen, kommunelege Flora.

Tor Vidar Myklebust, kommunelege Naustdal.

Anne Stubdal, kommunelege Stryn.

Oppgåvefordeling og kontordagar vil vi kome attende til seinare.

Vi er veldig glade for denne utvidinga, og håpar no vi kan få fart på samhandlingsarbeidet i helseforetaket!

NB!! HELSEPERSONELLMØTE

Som tidlegare meldt, vil vi i haust gjennomføre ny møteserie i lokalsjukehusområda. Dette vert eit kveldsmøte, med 3 teljande kurstimar. Med nytt møte på våren vert serien tilsaman på 6 timar.

Merk datoane:

22.september: Førde

29.september: Lærdal

15.oktober: Nordfjord

Møta vil starte kl. 18.30.

Tema i år er tilvisingsrutinar i radiologi, prostatakraft, og rehabilitering. Innbyding kjem i eigen sending. Vi vil setje av god tid til samtale og diskusjon!

INFLUENSAPANDEMI

Alle er vel informert om pandemien, og mange av kommunelegane jobbar sikkert med rutinar for sitt legekantor og sin kommune.

Helse Førde har også beredskap i samband med pandemien, og det vil vere fornuftig å følgje med på nettsidane etter kvart som pandemien utviklar seg.

NB! Ved trong for sjukehusinnlegging av influensasjuka, skal dette skje ved Førde sentralsjukehus.

Elles er vel alle fortrulege med nettstaden www.pandemi.no.

NYE LEGAR I FYLKET

Det er tilsett nokre nye legar i kommunehelsetenesta i fylket. Vi oppmodar dei som får nyhendebrevet om å formidle dette til nye legar i kommunen sin, og gjerne be desse ta kontakt med informasjonsavdelinga i Helse Førde for å kome med på mailing-lista.

Vi er avhengige av oppdaterte lister for å nå alle med informasjon.

Kopi av nyhendebrevet går også til klinikksjefane i Helse Førde, og det er kanskje aktuelt å vidaresende til dei ulike avdelingane.

Elles syner vi til Helse Førde sine internettsider.

Helsing praksiskonsulentane.